

Moderniseringsdepartementet

postmottak@mod.dep.no

Dykkar journalnummer 200404502-/ANH

Kultur- og kyrkjedepartementet

postmottak@kkd.dep.no

Oslo, 17. mars 2005

**HØYRINGSFRÅSEGN TIL ”FORSLAG TIL FORSKRIFT ETTER
KONKURRANSELOV OM UNNTAK FRA KONKURRANSELOVEN FOR
BOKOMSETNING - BOKAVTALEN”**

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget er eit lag stifta i 1868 som har til oppgåve å arbeide for norsk bokheim og kulturvokster. Laget skal fremje kjennskapen til norsk mål og odle og styrkje nynorsken som kulturmål i litteratur, undervisning og alt samfunnsliv elles. Litteraturselskapet og Stiftinga Det Norske Samlaget er to skilde lag. Stiftinga er eit uavhengig forlag som er medlem i Den norske Forleggerforening og dei står bak høyringsfråsegna som er sendt derfrå.

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har følgjande fråsegn å kome med til ovannemnde merknader til forskrifter:

I kulturmeldinga som den sitjande regjeringa la fram 29. august 2003 står det at dei overordna måla med litteraturpolitikken ligg fast, med å sikre flest mogleg tilgang til ei stor breidde av litteratur. Regjeringa peikar også på at det er viktig å oppretthalde tenlege rammevilkår for bokbransjen. Under kapitlet om språk står det mellom anna ”*Gjennom eit breitt spekter av tiltak skal det leggjast til rette for å styrkja nynorsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt, og dette vil og omfatta tiltak som i visse samanhengar prinsipielt favoriserer nynorsk*”

Kulturnemnda i Stortinget skriv i si innstilling:

”Flertallet ønsker en litteraturpolitikk som sikrer en fortsatt bredt anlagt distribusjon, og god bredde i utgivelsene. Flertallet vil i denne sammenheng se virkemiddelapparatet under ett, men mener en tidsmessig utformet bransjeavtale kan være et viktig element. Flertallet imøteser derfor de forslag bransjen selv måtte forhandle seg frem til med positiv interesse.”

Arbeids- og administrasjonsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har i brev frå 13.09.04 gitt rammer for ein ny bransjeavtale.

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget ser at Moderniseringsdepartementet i sitt høyringsdokument endrar dei rammene som var sette i brevet frå 13. september 2004. Vi finn i høyringsdokumentet ingen analysar av konsekvensane av endringane eller ei drøfting av kva tiltak styresmaktene vurderer for å rette opp uheldige konsekvensar av liberaliseringa av rammevilkåra i bransjen.

Etter at det i septemberbrevet er vist til dei språklege likestillingsprinsippa i samband med utgiving av lærebøker finn vi det også svært underleg at departementet i det heile ikkje har

teke opp til drøfting kva tiltak som må setjast i verk for at føresegnene i § 9-4 i opplæringslova, om at lærebøker skal liggje føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, skal gjennomførast i praksis no når skolebøkene skal ha frie prisar. Litteraturselskapet meiner at det minst må ei endring i forskriftene til opplæringslova for å halde oppe prinsippet.

I fleire av dei høyringsfråsegnene som no ligg føre er det peika på ulike uheldige konsekvensar av framlegga i høyringsdokumentet. Det blir peika på at forskriftene vil føre med seg endringar i breidda i utgivingane og at bokkjøparane får dårlegare tilgang til bøkene. Mange høyringsinstansar har også peika på endå verre konsekvensar for nynorsk bokutgiving. Nokre seier at det blir billegare bøker, andre seier at dette blir eventuelt berre på eit lite utval bøker. Synspunkta står mot kvarandre.

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget ber om at departementa, på same måten som i Danmark, set i gang ei utgreiing av konsekvensane av ei omlegging, og kva tiltak som kan rette opp uønska konsekvensar. Då vil ein få eit betre grunnlag for dei endringane som bør gjennomførast. Den gjeldande avtalen bør forlengjast til dette arbeidet er gjennomført.

Med vennleg helsing

LITTERATURSELSKAPET DET NORSKE SAMLAGET

Kjellbjørg Lunde
Styreleiar

Nina Refseth
sekretær for styret